

Kyrkje klokka

Nr 2 - 2024

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

88. årgang

SELJUMANNAMESSE
1000ÅR

5-8. JULI 2024



INNHOLD:

- Aktuelt frå kyrkjelydane
- Nytt frå kyrkjeverja
- Omorganisering av Kyrkjemokka
- Ten-sing i konsert
- Verdiåret
- Bilete av alle konfirmantane i Stryn
- Staben til Assisi
- Frå Nesholmen
- Frå kyrkjebøkene
- Gudstenestelista
- Faste spaltar
- Barnesider
- Førsteklasses gudsteneste

Foto: Helle Frogner



Av Jarle Hessevik

*I hear the sweet, sweet sounds of Heaven
Fallin' down to this earth
I hear the sweet, sweetest sounds of Heaven
Driftin' down to this earth
Bless the Father, bless the Son
Hear the sound of the drums
As it echoes through the valley
And it bursts,
Let no woman or child go hungry tonight
Please protect us from the pain and the hurt.*

I hear the sweet, sweet sounds of Heaven

*Eg høyrer dei søte lydane frå himmelen
falle ned til denne jorda
Dei søtaste lydane frå himmelen som driv mot jorda
Velsign Faderen, velsign Sonen
Høyr lyden av trommene om eit ekko gjennom dalen
Det bryt ut:
La ingen kvinne eller barn gå svoltne i kveld.
Vern oss mot smarta og det vonde*

Det er ikkje til å unngå å bruke den engelske teksten når det er sjølvaste «gamlegutta» i Rolling Stones, med Lady Gaga på laget, som gjennomfører eit ellevilt samspel i gospelsongen som er både lovprising og bøn. Teksten er skriven av sjølvaste **Mick Jagger og Keith Richards**.

Dei var vel ikkje alltid «Guds beste barn» - slik er vi nok alle like, men Guds barn er det mange av, - også vi er.

Neste vers har tydelege spor av tru. Ikkje berre dei søte lydane finn vegen til jorda, men også dei søte duftene av Himmel skal falle ned.

Lydane frå barna, dufta av roser, - lovprising.

*Eg skal le, eg skal gråte
Et brødet, drikk vinen
Endeleg er min tørste sløkt*

Dette kan ikkje vere anna enn at dei ser samanhengen mellom det livet vi lever og den heilage nattverden. Livet med Gud.

Eg har ikkje peiling på korleis desse verdsartistane kom på å skrive denne teksten, men då eg høyrde denne låta, small det til i både hjarte og hjerne. Og eg som ikkje er så familiaær med store ord og karismatiske fakter, måtte tenkje nøye over ein tekst eg har vanskar å ta i min eigen munn: «*I want to be drenched in the rain of your heavenly love*» (Eg ønskjer å bli gjennomvåt i regnet av din himmelske kjærleik.)

Ein tekststolkar har sagt det slik: Teksten er uttrykk for ein lengt etter guddommeleg inngrep i denne verda, - viktigheita av å vere medlidande med dei som er sårbare og bruke krafta i musikken som eit åndeleg verkemiddel.

Her kjenner eg meg nok sterkare heime.
Kva anna treng vi i desse tider?
Kva anna har vi å tru på?
Kva anna har vi å håpe på?

(Leit gjerne opp musikken på YouTube)

Kyrkjeklokka

Bladet vert levert til husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune.

Adresserte blad (utanbygds) får krav på bladpengar på faktura: Kr 300.

Bladpengar for Stryn og Hornindal er frivillig og vi håpar at mottakarane av bladet vil betale inn 300 kr eller meir.

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Eller bruk Vipps: nr 583131

Vi takkar for
innbetalingar og støtte.

Redaktør for dette nummeret: Jarle Hessevik

Post til Kyrkjeklokka:
kyrkjeklokka@gmail.com

Kyrkjeklokka kan også lesast på nettet:
www.stryn.kyrkja.no/Kyrkjeklokka

Redaksjonelt

Framsidebildet er denne gongen inspirert av legenda om St. Sunniva, dotter av ein irsk kristen konge. Etter det som er fortalt, flykta denne prinsessa frå Irland for å sleppe unna eit giftarmål med ein ugudeleg mann og følgjet hennar rak i land på øyane Kinn og Selja ein gong på slutten av 900-talet. Dette er ein del av soga om korleis kristendommen kom til landet. Vi takkar fotograf Helle Frogner og Regionalt Pilegrimssenter Selje for at vi fekk lov å trykke dette flotte fotografiet. Heile programmet for Seljumannamesse finn lesarane på

<https://www.seljakloster.com/seljumannamesse>

I år er det feiring av «Kristenretten» som Olav den Heilage fekk innført på Mosterdinget i 1024 og Magnus Lagabøte si «Landslov» - to særsviktige hendingar som forandra landet vårt og som har vore berande for kristentru og kristne verdiar i 1000 år. Kyrkja har stått sentralt, både i katolsk tid og seinare.

Så er det eit stykke frå St. Sunniva og Olav den Heilage til Rolling Stones (sjå s.2), men la det vere ei påminning om at kristentru og verdiar også har tolkt å bli moderniserte og at vi finn det gamle evangeliet att hos personar og i miljø det vi kanskje minst venta det.

Kyrkja ho er eit gammalt hus og kyrkjetårna peikar mot himmelen - og sanneleg gjer dei gamle rockarane det same.

Jarle Hessevik

Omorganisering for Kyrkjeklokka

Denne våren har det vore jobba med å sikre vidare drift i det snart 90 år gamle kyrkjebladet. På det ordinære årsmøtet vart det klart at det kunne bli vanskeleg å halde bladet i gang heile 2024 dersom ein ikkje gjennomførte ei omorganisering og sikra balanse i rekneskapen.

Årsmøtet sette ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere alle sider ved drifta og fremje eit forslag for ekstraordinært årsmøte i mai.

Per-Erik Ulvedal vart vald til ny styreleiar og fekk med seg Kari Synnøve Muri, Geir-Ståle Vatnamo og Jarle Hessevik i denne arbeidsgruppa.

Ekstraordinært årsmøte

7.mai godkjende ekstraordinært årsmøte både organisatoriske tiltak og eit nytt budsjett. Dei viktigaste endringane er som følgjer:

1. Sokneråda tek på seg ombering av blada på dugnad, eit arbeid som har ein budsjettverdi på 60.000 kr.
2. Medarbeidarane i redaksjon og lay-out får redusert si godtgjering. Frivillig ordning.

3. Styret får ikkje møtegodtgjersle.
4. Private abonnentar med adresse utanfor Stryn og Hornindal, blir fakturert bladpengar på 300 kr.
5. Tilrødd minste sum for frivillig betaling vert sett til 300 kr i håp om at fleire vil sende pengar.
6. Det vert to redaktørar (Jarle Hessevik og Geir-Ståle Vatnamo), og det vert oppretta ei redaksjonsgruppe der også to frå kyrkjekontoret er med. For det kommande året er dette Andreas Kråkenes og Henny Koppen.
7. Det er skissert ei arbeidsfordeling m.o.t. abonnement, annonsesal og kontakt med trykkeriet som skal avlaste styreleiar og rekneskapsførar.

Med denne omlegginga til større grad av dugnad frå sokneråda og medarbeidarane i bladet, håpar vi at fleire lesarar ønsker å bidra til eit levedyktig kyrkjelydsblad Indre Nordfjord.

«Leve Kyrkjeklokka!»

Til deg som ikkje ønskjer å få Kyrkjeklokka i postkassen

Redaktørane har ved nokre få høve fått melding om at Kyrkjeklokka er uønskt i postkassen. Dette hadde vi dessverre ikkje høve til å etterkome tidlegare då posten berre hadde **ei ordning for «fulldistribusjon»**.

Med den nye omberinga kan du som ikkje vil ha bladet, melde frå om dette på e-post til Kyrkjeklokka. Då sender du ei melding på e-post til kyrkjeklokka@gmail.com med namn og adresse. Dugnadsgjengen frå sokneråda vil då la vere å legge blad i di postkasse.

Vi håpar sjølvsagt at flest muleg ser verdien av bladet, om ikkje anna for å vere informert om kva kyrkja i Indre Nordfjord er opptekne av.

Frå Oppstryn

Dugnad

Maken til finevår trur eg ikkje vi har hatt på dugnad så lenge eg har vore med. Som regel har vi møtt opp med vottar og stillongs, men i år var det reine sommaren.

Vi var 13 personar som møtte, 4 gjorde dugnad inne medan resten var ute. Her vart det raka kvist, som det er rikeleg av, rydda ved avfallsdunkane, luka ugras i nokre grusganger og nokre av trea vart tynna.

Inne vart kyrkjebenkane vaska, spindel-vev og støv fjerna frå galleriet, alle tepper vart støvsuga og det vart vaska mellom alle benkeradene. Sakristia vart rydda og vaska, samt toalettet. Det vart og tid til å pusse litt sølv. Og viktigast av alt, vi kunne ha kaffipausen ute, nede ved vatnet. Her fekk alle kose seg med kringle, kaffi og saft.

Ein fin og effektiv dugnad, rett og slett.

Tekst og bilde: Beate Glomnes



Kyrkjelydens årsfest i Oppstryn 2024

Fredag 8. mars inviterte Oppstryn sokneråd til årsfest/basar i Betel og det var mange som hadde lyst på basar denne kvelden, 45 personar møtte. Her var god blanding av unge og eldre. Kathrina Flo ønskte alle velkomne og deretter vart årsmeldinga lest opp. Rekneskapen var dessverre ikkje klar til denne kvelden p.g.a. sjukdom på økonomiavdelinga i kommunen.

Marie Johanne stilte velvillig opp og las litt frå diktboka «Tankar over tid» av brørne Lars J., Bjarne og Erling Greidung. Anbefalast på det varmaste. Her var til og med dikt som passa fint til kvinnedagen.

Tradisjonen tru vart det servert pølser med brød/lompe, saft, kaffi og kaker. Praten gjekk lett rundt borda og etterpå var tida koma for åresal. Fine åregevinstar kom inn på same måten som i fjar, - i ei handlevogn på Buda «tigga» vi gevinstar. Folk er veldig flinke og putte fine ting i vogna. Så her vart det 4 åresal med rikeleg gevinstar på kvart. Med gode hjelparar gjekk dette fort og knirkefritt unna.

Soknerådet hadde spurt rundt i bygda og i Stryn sentrum etter gevinstar til loddxbok. I år fekk vi inn veldig mykje. Alle er svært positive til å gje gevinstar, og då er det kjekt å spørje.

Vi selde til saman ca 2300 lodd, og det er vi godt fornøgde med. Vi hadde ca 40 fine gevinstar, - gåvekort, fotografi, honning, vesker, filleryer, kolonialkorger, velværesett, frisørprodukt, lyslykt, opptenningsbrikettar. Til slutt delte Henny Koppen nokre tankar på heimveg.

Soknerådet vil takke alle som bidrog til ein kjekk kveld i Betel.

Tekst og bilet: Olaug Mork



Else Sandvik med alternativ trillebåre

Kathrina og Olaug kosar seg på basar.





DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverja

Ny organist i Randabygd

Det er gledeleg å kunne melde at det no er tilsett ny organist i Randabygd kyrkje. Olga Prykhodko er fra Ukraina, ho kom til Norge i februar –24, og bur no i Olden. Ho er utdanna både pianist og organist, og har alt vore i teneste under gudstenestene både i konfirmasjonen og på 17. mai. Ho har Randabygd som sitt hovudansvar, men vil og vikariere i andre kyrkjer ved høve.

Vi må samstundes takke Oddvar Bergset som har stilt trufast opp som vikar i Randabygd kyrkje, i påvente av ei permanent ordning. Etter eige ynskje held han fram som organist kun i Nordsida kyrkje.

Vi ynskjer Olga hjarteleg velkoma i fellesskapet!



Den økonomiske situasjonen i Stryn kyrkjelege Fellesråd

I samband med årsoppgjaret for 2023 vart det klårt at Fellesrådet har kome i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Auka løns- og pensjonskostnader og fleire, relativt store, uforutsette vedlikehaldsutgifter gjev kraftig utslag på driftsrekneskapen, fleire av dei store ekstrakostnadene kom på slutten av året. Meirforbruk på drifta medførte at heile driftsfondet gjekk med der, og dermed stod Fellesrådet utan sluttfinansiering på nokre av investeringane som vart gjort i 2023, til saman 1,04 mill.kr.

Det pågår ein tett og god dialog med kommunen for å finne ei finansieringsløysing for dei udekka investeringane. Det er vedteke eit driftsbudsjet for 2024 på grunnlag av rammeoverføringa frå kommunen, som vidarefører ordinær drift som tidelegare. Når det gjeld investeringar, har Stryn kommune gjeve eit tilskot på kr. 800.000 til takrehabilitering på Nedstryn kyrkje. Forprosjektet er i gong, og tiltaket, som har fått tilslagn om 1 mill. kr. frå Riksantikvaren, skal etter planen vere gjennomført innan sept. -25. Det vert og arbeidd med å finne ei finansieringsløysing for universell tilkomst til Utvik kyrkje.

Kari Synnøve Muri

Kyrkja i indre Nordfjord



M.V.K.

Stryn kyrkjecontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: og besøksadresse:
Rognehaugen 11, 6783 Stryn

kyrkja@stryn.kommune.no
www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag
kl 09.00 - 15.00, tysdag kl 10.00 - 15.00

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri. tlf 913 27 882
kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl
Sekretær Anne L. Honningsvåg

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstryn

Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630
henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygd og Nordsida

Sokneprest Hege Høibye, tlf 413 75 495
hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik

Prestevikar Beate Nes, tlf 986 54 244
beate.nes@stryn.kommune.no

For Innvik og Olden

Fung. sokneprest Knut Gjengedal , tlf 948 32 875
knut.gjengedal@stryn.kommune.no

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes, tlf 986 54 244
beate.nes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes, tlf 922 80 026
andreas.krakenes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydsarbeidar Guro Petronella Andersdotter
Nordnæs-Enerhaug, tlf 988 02 257

Volda kyrkjecontor (Hornindal sokn)

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda
kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no
www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl. 10.00 –14.00
onsd kl 10:30– 14:00

Kyrkjeverje Jostein Stråbø, tlf 916 63 549
kyrkjeverja@volda.kyrkja.no

Hornindal sokn

Per Kristian Hovden Sætre, tlf 957 69 292
per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

På mini-konsert med oppegåande Sight-Sing

Ein torsdag i mai inviterte ten-sing til konsert i Betania. Dei ville vise fram det dei har øvt på i vinter og det skulle vise seg å falle i smak hos dei frammøtte.

Koret stilte med kvar sin mikrofon, stort miksebord og høgtalarar, solistar og fleirstemt song – og sanneleg dukka det opp eit heilt ferskt orkester som spelte på nokre av songane. Vi får tru dette gav meirsmak for dei tre gutane på gitar, keyboard og trommer (+ Guro på piano).



Danseframvising hører med. Det krev full kontroll og koordinasjon, og som så ofte før, var det eigenprodusert koreografi. Alt dette er eit uttrykk for ungdom si evne til å skape og dele, og dette fekk dei taktfast klapping frå oss som var tilhøyrearar. Vi håpar applausen varmar og gjev inspirasjon til å jobbe vidare med alt det Sight-Sing står for. Vi treng dette ungdomstilbodet i kyrkjelydane våre.

Beate Øiestad Heimlid (på bilde t.v.), som no flyttar for å studere, fekk fortent takk for fleire års leiarskap i koret.

Stødige vaksne, som har tru på ungdommeleg pågangsmot og deira idear, er eit stort pluss for eit slikt tilbod - så takk også til Lillian, som er voksenleiar, og Guro og Kyrre som hjelper til på piano og teknikk. Vi ønskjer oss fleire slike konsertar, og så er det fint at koret finn tid til å opptre også andre gonger i løpet av året.

Lukke til med eit viktig arbeid.

Tekst: Jarle Hessevik

Foto: Hege Heggheim Ulvedal





Tankar langs vegen ...



Tankar langs vegen - ved Henny Koppen

Eg er i Assisi, ein varm, solfylt dag. Vi er på studietur, men det er litt fritid midt på dagen. Eg går meg ein tur åleine, vil tilbake til San Damiano, kyrkja der Frans opplevde kallet til si gjerning, kyrkja der klarisse-ne seinare skulle halde til. Klarissene utgjorde den kvinnelege greina av Frans sin orden, namnet har dei frå grunnleggaren, Klara. Alt i ungdommen bestemte ho at ho ville gjere som Frans, gi avkall på all eigedom, på ekteskap og seksualliv og vie seg til ei teneste i bøn og omsorg for fattige og sjuke.

Eg har alt vore San Damiano, saman med gjengen, men no vil eg tilbake og sjå om det kanskje er færre turistar der i dag. Det er det, eg går, heilt åleine inn i kyrkja, set meg ned og ser opp mot krossen som tala til Frans den gongen. Dette er rett nok ein kopi, men det gjer inntrykk likevel. Her låg han på kne og bad, og så opna Jesus augene og snakka med han. Ikkje lenge etter høyrd Klara Frans tale, og ho forlét alt for å starte eit nytt liv som Jesu etterfylgjar. Andre kvinner sluttar seg til og Frans ordna det slik at dei kunne bu her, rett ved kyrkja.

Ei dør ved sida av alteret fører rett inn i klosteret, her finn vi bønerommet, soverommet og matsalen. Eg må sjå om det verkeleg står friske blomar på Klara sin plass. Det gjer det sanneleg. Eg er imponert. Klara levde frå 1194-1253. Har det verkeleg stått friske blomar på plassen hennar kvar dag i alle desse åra? Det har visst det.

Kva var det med Klara? Ho valde å trekke seg tilbake frå verda på eit vis, ho fasta tre dagar i veka og ho brukte mykje tid i bøn. Det var fortalt om henne at når ho hadde bedt sine bøner strålte ansiktet hennar vakkare enn sola. Klarissene skulle ikkje eige noko, dermed hadde dei lite å bekymre seg for. Eg vi tru dei av og til lurte på kvar dei skulle få maten frå, sidan dei levde av almisser, men kanskje erfarte dei at det alltid ordna seg. Hadde dei noko til overs, gav dei det til fattige.

Vegen tilbake frå San Damiano er bratt, men sola skin og vegen er omkransa av frodige tre og fargerike blomster. Eg går sakte og reflekterer over det eg har sett og lært. Kva betyr dette for oss no? Her er heilt klart verdiar som betyr noko i dag. Til dømes eig vi for mykje, mange av oss, og vi brukar tid og pengar på å ta vare på det. Det skulle berre mangle. Men kanskje hadde vi det betre viss vi ikkje hadde så store krav til luksus? Og så skuldar vi alle å ta vare på naturen vår. Det er så lite vi får gjort kvar for oss, men kanskje det hjelper å bli medvitne om korleis alt i naturen heng saman. Dette med dagleg og vedvarande bøn og faste er vel framandt for dei fleste av oss, men så veit vi at å vende tanken bort frå oss sjølv og våre eigne behov ei stund, gjer oss godt. Stille, meditasjon, tanken vendt mot Jesus, mot krefter utanfor oss sjølv, gir ro.

Endeleg er eg på toppen av den bratte bakken, kjøper ein is og set meg på ein benk i ei bilfri gate. Eg kjenner på at litt åleinhetid, i ro og fred, slett ikkje er bortkasta.

Ny rekneskapsførar i Kyrkjeklokka Bladlag

Jill Trude Dyrvang frå Innvik, har teke på seg oppgåva som rekneskapsførar i Kyrkjeklokka Bladlag. Ho kom til Innvik i 2007 og jobbar i dag på IRAS (Innvik Rekneskapskontor). Frå før har ho ein periode i Innvik sokneråd, og kjenner bygda veldig godt. Ho vaks opp på Austlandet, men har slekt si frå Innvik. Bestefar hennar var «Bennæsen på kaia». Ho er aktiv i fleire frivillige organisasjonar. Vi i Kyrkjeklokka er glade for at Jill Trude tek på seg oppgåva som rekneskapsførar, og ønskjer henne lukke til!

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



Verdiåret 2024 i Bjørgvin

Aktuelle verdiar frå gamal tid

- tilsendt frå Bjørgvin bispedømmekontor

I 2024 feirar og markerer vi to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. I Bjørgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i.

I kyrkjene i Bjørgvin vil verdiåret bli markert på pinsedag, 19. mai.

Kristenretten 1024

Under mottoet "Feira fortid - forma framtid" vert det markert at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Nasjonalt jubileum med særleg fokus på barn og unge. Hovudmarkering for alle på Moster 29. mai - 2. juni 2024.


Magnus Lagabøte si landslov 1274

I 1274 samla Magnus VI «Lagabøte» for første gong heile landet under ei lov. Biskopen inviterer sjølv til seks temakveldar i Bergen domkirke dette året.

Guds fire døtre

Omgrepet "Guds fire døtre" eller "Dei guddomelege søstene" er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseing der lova var uklar skulle bli hørt for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettferdig: Miskunn, rettferd, sanning og fred. Biletet av dei fire søstrene er henta frå Salme 85 i Bibelen.

Miskunn skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i domen; sanninga må verte hørt så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt, rettferda skal sjå til at urett ikkje gjer skade på domen, og fred skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vreide.



*Moster gamle kyrkje. i bispedømet.
Foto: Moster amfi/Abstract media*

TV-serie om hendinga som forandra Noreg

«Hendelsen som forandret Norge» er tittelen på ein ny, underhaldande og opplysningsmini-serie med Far-men-presten, Thor Haavik, som programleiar. I tre episodar følgjer vi han frå vikingtida til vår tid for å sjå på konsekvensane av at landet fekk ei ny rettsordning – «kristenretten» på Moster for 1000 år sidan. Det er laga undervisningsmateriell for ulike aldersgrupper knytt til denne serien.

Verdiseglas med verdisamtalar

Verdiseglas 2024 er ei pilegrimsferd i fleire etappar langs Kystpilegrimsleia frå Sokndal/Egersund til Nidaros. Ungdomar deltek i verdisamtalar inspirert av "Guds fire døtre" og omgrep som makt, likeverd og demokrati. Samtalane skal føra til råd for framtida som vil bli lagt i Kystpilegrimskista som verdibrev til Nasjonaljubileet Norge 1000 år og preses i Den norske kyrkja. Olavselden i jubileumsstafetten fram mot 2030 følgjer seglasen frå start til slutt. Pilegrimsreisa starta frå Moster i mai og kjem til Selja til feiring av Seljumannamesse 6.- 8. juli, før dei dreg vidare til Nidaros, til «Nasjonaljubileet Norge 1000 år» og Olavsfest den 27. juli.

Les meir om verdiåret 2024 på bispedømet si nettside <http://kyrkja.no/bjorgvin/2024>

Kyrkjeklokka kjem tilbake med meir stoff om kvifor det er naturleg å feire nettopp dei verdiane som Kristenretten og landslova har betydd for landet vårt.

Kyrkjeklokka Nr 3-24 kjem som temanummer om dette.



I TV-serien «Hendelsen som forandret Norge» tar «Farmen-prest» og influensar Thor Haavik oss med tilbake til då kristenretten blei innført for 1000 år sidan.

I samtalar med fagfolk, bl.a. sosiolog Harald Eia, advokat Geir Lippestad og historikar Jørn Øyreheagen Sunde leitar han etter svar på korleis innføringa av kristenretten i 1024 har gjort Noreg til det landet vi kjenner i dag. Serien har tre episodar på ca. 20 minutt og er produsert av TV Inter, i samarbeid med Tro og Medier, og er finansiert av Kyrkjerådet og Bjørgvin bispedøme.



Staben på tur til Assisi

Tekst: Henny Koppen - Foto: Beate Nes

Kyrkja i Stryn har ein stab som heile tida er opptekne av å pleie og styrke samhaldet og samarbeidet. I fleire år har vi planlagt ein tur til Assisi for å studere Frans av Assisi sitt liv og gjerning. Og endeleg vart det studietur.



SELJUMANNAMESSE 1000ÅR

5-8. JULI 2024

PILGRIMSSENTER
SELJE

VERDISGLAS
1000
Jubileumsseglars mellom nøkkelstadene
Selja og Kinn langs Kystriligrimslei
med m/s Atleøy. Jubileumsprogram med
historisk foredrag, piligrimsvandring,
verdibrev, folkefest og aktivitetar på
stoppestader under seglasen.

- fredag 5. juli: Flore
- laurdag 6. juli: Selje
- søndag 7. juli: Selja og Måøy
- mandag 8. juli: Kalvåg og Kinn



Sjå fullstendig program her:
www.seljakloster.com



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedøme

At det skulle bli Assisis var nok Hege si forteneste, soknepresten i Nordsida og Randabygd. Ho har vore oppteken av Frans heilt sidan ho gjekk på vidaregaande. Ho har lese det meste av det som er utgitt om denne heilagmannen, og dessutan hadde ho vore i Assisi før. Saman med Margrete hadde ho planlagt alt det praktiske i tillegg til å peike ut område frå Frans sitt liv der kvar og ein av oss skulle lese oss opp og formidle til dei

andre det vi lærte. Både før vi reiste og undervegs fekk vi førelesingar av Hege, der ho underviste om Frans sin spiritualitet og om hans særegne liv.

Dette å fordele undervisninga på oss alle viste seg å vere ein god studiemetode. Vi førebudde oss før vi reiste, og når vi kom fram oppsøkte vi stadane nettopp vårt tema var knytt til. No ligg det kyrkjer stort sett alle stader knytt til viktige hendingar i Frans sitt liv.

Framhald s.17

Konfirmantane i Stryn 2024


 «For Gud har sagt:
 Eg sviktar deg ikkje og går
 ikkje frå deg.»
 Hebr 13,5

Helsingar på dagen
 - frå Guds ord


 Jesus seier:
 «Eg er lyset i verda. Den som
 følgjer meg, skal ikkje
 vandra i mørkret, men ha
 livsens lys.»
 Joh 8,12


 «Ver ikkje redd!
 For eg har løyst deg ut,
 eg har kalla deg ved namn,
 du er min.»
 Jes 43,1


 «Alt de vil at andre skal
 gjera mot dykk, skal de òg
 gjera mot dei.»
 Matt 7,12

F.v.: Inga Hjelmeseter Garlid, Kristine Kirkeeide Sunde, William Mathias Guddal Breidablik, sokneprest Henny Koppen,
 Gard Skåre Hogrenning, Andrea Lindvik, Sandra Erdal

Foto: Kari Garlid

Oppstryn





Konfirmantane er f.v.: Mathea Bruland Sandbakk, Simone Garlid Tenden, Niklas Eide Sæten, Julie Garlid Tenden, Iver Moen, Helena Sanden Rake, Sindre Loen, Thilde Fonn Grov
Kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes og sokneprest Henny Koppen

Foto: Linda Sanden Rake

F.v.: Johan Normann Hellevang, sokneprest
Hege Høibye, Elias Storevik Tvinneireim
Foto: Maria Storevik





Fv. Beate Nes, Aron Hauge-Nesdal, Linnea Lien Walaker, Ariel Njøsen Williams, Ida Svenfelt Tisthamar, Roger Magnus Toquero Karstad, Andreas Kråkenes (kyrkjelydspedagog),
Foto: Jarle Tisthamar

F.v.: Andreas Kråkenes (kyrkjelydspedagog), Lars Erik Reme, Sigrid Nygård Haugen, Aksel Skåden, Silje Verlo Reme, Sander Hammer Møen og prest Knut Gjengedal.
Foto: Geir Ståle Vatnamo





Nordsida

Frå venstre: Theodor Steinsaaker Veddegjerde, Tora Sølvberg, Tuva Rebni Heimlid, Telma Nyberg, Jakob Ulvedal, sokneprest Hege Høibye.

Foto: Øyvind Bøe

Framme f.v.: Vilde Emilie Hansen Vanberg, Synnøve Linea Brynestad-Røyrhus, Elita Strand, Mira Phong - Sai Solheim, Selma Michelle Sandbakk Kvamme

Bak f.v.: Athit Mekpakham, Eirik Flo Larsen, prest Knut Gjengedal, Casper Luca Gjerde Mangard, Gaute Fredheim Urne, kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes

Foto: Arild Hafsaas



Olden



Spontan applaus etter tale til konfirmantane

Kaare prest fekk spontan applaus for varm og direkte bodskap til konfirmantane 11. mai i Innvik kyrkje!

Knut Gjengedal var liturg og hadde spurt Kaare Michael Christoffersen om å ta preika, sidan han hadde hatt konfirmantane i fjar haust.

Evangelieteksten var den bortkomne sonen. Kaare prest snakka varmt om det å få kome heimatt når du har vore borte og dumma deg ut – vil far ta imot deg som før – eller vil han avvise deg? Kaare brukte eksempel frå sin eigen barndom og oppvekst og innrømde at det var ikkje alltid like lett å kome heimatt når dei negative utfordringane hadde vore store. Men, fortsette Kaare, det et nettopp då det er viktig – at når du kjem heim, frå du trøst, forståing og at her er nokon som verkeleg bryr seg om deg! Og ikkje fordømer!

Slik er det også med vår far i himmelen: "Han er ein Gud som er der for deg"! avslutta Kaare.



Foto: Jill Trude Dyrvang
Tekst: Geir Ståle Vatnamo

Nedstryn



Frå venstre

- 1.rad: Olina Svarstad Heggdal, Håkon Sæbø, Maya Nesje-Holko, Dennis Maurset, Benedikte Brekke Mannset, Fredrik Njøten, Nora Mikkelsen, Didrik Maurset, Mathea Holien Bø
- 2.rad: Kateket Beate Nes, Thea Kvamme Davidsdottir, Selma Virginia Lødøen Wingo, William Nesje Sande, Madelén Lindvik, Håvard Vinsrygg Steen, Karoline Almskår, Nicholas Sunde Søvik, Adrian Lindvik Edelston, June Mikkelsen
- 3.rad: Aksel Flo Stavik, Ingrid Marie Flataker, Eirik Heggestad Lunde, Kaja Haugen Sørsterudbråten, Lukas Silden Andersen, Natalie Sepulveda Hovelsen, sokneprest Henny Koppen
- 4.rad: Magnus Haugstveit, Sigurd Sætre Olsen, Ulrik Bjørnnes Skåre, Nikolai Johan Tvinneireim Sæverhagen, Kristoffer Sunde, Isak Fredheim
- 5.rad: Jesper Svarstad Hole, Nikolas Ullebø Hool, Markus Olsen, Simen Kroken, Theo Sande Tenden

Foto: Ole Eltvik

Kjære konfirmantar

Takk for eit fint konfirmantår!

Vi vil gjerne gje deg ei lita helsing og ei lita gave,- med nokre ting vi trur du kan ha bruk for i livet.

Eit hjarte: Ta være på hjartet ditt, og hugs at du alltid er elsk av Gud, uansett. «*Ver ikkje redd! For eg har løyst deg ut, eg har kalla deg ved namn, du er min.*» Jes 43,1

Ein smileballong: Som kristne, og som menneske, har vi fått ansvar for å ta være på kvarandre. Hugs at smilet ditt kan brukast til å inkludere andre i fellesskapet. Øv deg på å sjå andre og la dei føle seg sett og velkommen.

«*Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei.*» Matt 7,12

Eit lys: Hugs at Jesus kan hjelpe deg med mange ting. Hans ord kan vere ein vegvisar.

Jesus seier: «*Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.*» Joh 8,12

Eit gripekors: Livet vil by på oppturar og nedturar. Jesus vil gjerne vere med gjennom alt. Hald deg fast i Han gjennom livet, og hugs at Han aldri slepper taket.

«*For Gud har sagt: Eg sviktar deg ikkje og går ikkje frå deg.*» Hebr 13,5

«Saman med Gud og med kvarandre»
Alle gode ønske for dagen!

Klem frå
Beate, Henny, Hege, Knut,
Kaare, Andreas og Borghild

Du har lovet å være tilstede,
For å dele vår sorg og vår glede
Gi oss vilje og mot til å leve.
Herre, som barn I ditt hus.

Frå «Som barn I ditt hus»,
salmeboka nr. 564

Innspel til kommuneplanarbeidet

Innspel frå fellesrådet

Med bakgrunn i saker som har vore handsama og generelle drøftingar i Stryn kyrkjelege fellesråd dei siste åra, sende fellesrådsleiaren innspel frå fellesrådet til kommunen.

Utgangspunktet for innspelet frå fellesrådet var dette spørsmålet frå kommunen:

Korleis vil du at Stryn skal vere i 2035?

I innspelet frå fellesrådet står det at Stryn kyrkjelege fellesråd ønskjer at Stryn i 2035 skal vere slik:

- Det er framleis godt samarbeid mellom kyrkja og kommunen (både administrative og folkevalde organ og skular og barnehagar).
- Kyrkjebygga er i aktiv bruk, og framstår i god stand, takka vere gode vedlikehaldsplanaar som vert følgde opp av årlege kommunale løvningar som monnar.
- Kyrkja har framleis ein sentral plass som gudshus i glede og sorg, og kyrkjebygga er oppfatta og brukte som viktige kulturminne og levande kulturarena i alle bygder.
- Alle kyrkjene har tilfredsstillande universelt utforma tilkomst.
- Gravplassane held god standard. Det er nok areal til at alle kan gravleggjast i si heimbygd etter ønskt tradisjon, og det er namna minnelund på dei fleste gravplassane i kommunen.
- Auka satsing på diakoni – unge, eldre, funksjons-hemma, m.a. ved at det er oppretta diakonstilling.
- Det er gjennomført bygging av kyrkjeleg lokale i Stryn sentrum, til gudstenestefeiring og som base for diakonisatsinga.

Dette er ønskjestava for korleis fellesrådet vonar at situasjonen er i 2025 (og for nokre av punkta helst mange år før). Det er altså ikkje ein omtale av situasjonen i dag. Ønskjestava frå Stryn kyrkjelege fellesråd er ikkje realistisk, og mykje tyder på at det er stor oppslutning om dei fleste (kanskje alle) av desse punkta, men røynslene har vist at ikkje noko kjem av seg sjølv. Både sokneråda og fellesrådet må gjere ein innsats, og Stryn kommune vil vonleg ta sin del av ansvaret. Både kyrkjemedlemmer og andre som er samde i eitt eller fleire av punkta på ønskjestava, må òg engasjere seg i drøftingane om desse sakene i tida framover.


Jostein By, leiar i Stryn kyrkjelege fellesråd

Stryn kommune har nyleg gjennomført grendemøte og invitert til innspel om samfunnssdelen av ny kommuneplan.

Innspel frå dei tilsette i kyrkja

Dei tilsette i Stryn kyrkjelege fellesråd, og prestane vil gje følgjande innspele:

- Vi håpar planen er tydeleg på at vi vil ha eit livssynsope samfunn, der tru og livssyn har ein naturleg plass i lokalsamfunnet, også i det offentlege rom.
- Kyrkja er ein stor aktør innan frivillig arbeid, der det meste av arbeidet er avhengig av frivillig innsats. Arbeidet er prega av kontinuitet og finst i alle bygder.
- Kyrkja har høg kompetanse på å møte menneske i alle livets fasar, særleg i sårbare situasjonar og i sorg og krise, og vil framleis ta medansvar i beredskap og krisehandtering.
- Dei fleste barn og unge har ei tilknytning til kyrkja, gjennom dåp, trusopplæring og konfirmasjon har kyrkja mange møtepunkt med barn og unge. Kyrkja er ein viktig aktør i det førebyggjande arbeidet for trygge og gode oppvekstmiljø. Innan 2035 håper vi det er tilsett ein diakon som kan leie ei styrking av ungdomsdiakonien i kommunen vår.
- Kyrkjeleg lokale i Stryn sentrum, til gudsteneste og andre kyrkjelege handlingar, og som base for diakonisatsinga – nattcafe, «varmestove», eldretilbod og liknande.
- Kyrkja er – i tillegg til eit trussamfunn for medlemmane – ein viktig tradisjonsberar og aktiv kulturaktør for alle.



M.V.K.

Pilegrimsloypa i Innvik

Av Torill Bennæs

I høve 200-årsjubileet for Innvik kyrkje jobbar ein no med ei «pilegrimsloype» i Innvik.

Tanken er at den skal gå frå kyrkja, over Hilde til «Kyrkeækra», der den gamle stavkyrkja sto.

Derfrå til den gamle prestebustaden, og til Morskogen – eller Mordskogen, som område heitte før – staden der presten Jon Mogensen Schancke, eller «Meister-Jo» som han heiter på folkemunne, vart avretta ved halshogging i 1618.

Løypa går så vidare til «gamlekyrkja» - stabburet som står i den nye prestegarden. Det var opphavleg ei kyrkje, truleg privateigd, som sto på Skådi, og var vigd til St. Lavrans.

Så går vi vidare til naustområdet, der kyrkjebåten frå Nordsida la til, og kyrkjefolk som kom sjøvegen steig i land.

Løypa går innom «Lunden» - denne gravhaugen i nærleiken av kyrkja, men på hi sida av elva (det er bru over).

Og – så er ein «i mål» - tilbake ved kyrkja, som i år fyller 200 år.

Ideen til løypa kom i det førre soknerådet, og Else Marit og Jan Paulen, som begge var med der, har teke på seg å utarbeide denne løypa. Solveig N. Heggdal og Dag Vanberg har òg vore med i «løypenemnda». Dei ønskjer å setje opp informasjonsskilt med QR-kode, som kan gje utfyllande informasjon på ulike språk.

Kari Leine Barlog, tidlegare prest i Vågsøy, har erfaring med - og er interessert i – pilegrimsloyper. Ho har vore ei hjelpende hand.

Det kostar «litt pæng» å få til dette her, og det er søkt om økonomisk støtte ved ulike instansar, der målet er å finne løysingar til finansiering av løypa. Vi har tru på dette prosjektet – at det kan bli til glede og nytte for både bygdefolk og tilreisande.

Staben i Assisi - framh. frå s.9


Då vi såg programmet vart vi først overvelta over at vi skulle besøke så mange kyrkjer, men det viste seg å vere ei grunnlaus bekymring.

Vi sto framfor kyrkjene og høyrde kva Frans hadde opplevd akkurat der, og så gjekk vi inn og såg. Der var krossen som hadde tala til han då han fyrst fekk kallet, der var cella hans på retreatsenteret, der var skorne han måtte bruke då han fekk såra på føttene, der var disken i kjøpmannsheimen han vaks opp i, der var grava hans, og der, - midt på

torget, var staden der han kleddde seg naken og gav alt han hadde på seg tilbake til faren.

Den vesle byen Assisi ligg i ei fjellside, med ei borg på toppen. I tre dagar vandra vi mellom husa, i tronge gater og på gode stiar. Vi såg på kyrjkunst og arkitektur, vi fekk nyte sola og varmen, vi slo oss ned på gatekafear for is og espresso, og hadde vi fri kunne vi nyte livet på klosteret der vi budde, ein fredeleg stad med eit kapell som vi brukte dagleg, til andakt og til korøving. Vi kom heim att fulle av inntrykk, glade for fellesskapet vi hadde fått oppleve og for kunnkapen vi hadde fått med oss. Og vi bar med oss ei utfordring: Kva betyr dette for oss i vår kyrje i dag?

Det finst framleis kring 30.000 fransiskanarmunkar i verda og om lag 20.000 nonner. I tillegg finst det 120.000 medlemmer med ei litt friare stilling. Frans sine ideal betyr framleis noko; fattigdomsidalet, folkeleg forkynning med fokus på Jesus, hans forkynning og lidning, og Frans sjølv sin kjærleik til dyr og natur. Her er mykje å ta fatt i, som også vi kan etterleve i større eller mindre grad. Vi kan seie det slik: Vi fekk noko å tenkje på, noko å etterleve og noko å gi vidare.



Salmekveld i Olden

I eit strålende fint vårvêr, var det litt spanande å sjå responsen på salmekvelden i Olden nye kyrkje. Den må seiast å vere ganske god, med rundt 60 personar som tok turen.

Salmekvelden var eit initiativ av Galya Radeva. Soknerådet støtta opp om det gode innspelet. Musikk er balsam for sjela, og den får ofte ei fin sjel i Olden kyrkje.

Olden hornmusikk stilte på med fullt mannskap, Olden Singers var på plass. Prest Knut Gjengedal framførte "Du omgir meg på alle sider" (Norsk salmebok nr 498) og Galya spelte musikk av Grieg.

Ekstra kjekt var det å kunne presentere Oldedalens store sterne Mona-Jill Knapp Forssén Haugen. Ja ein kunne nesten tru kyrkja var bygd for ho, for det var ein himmelsk fin akustikk. Om sola skein frå klår himmel, so strålte Mona Jill kanskje enda meir med sitt gode smil og flotte varme stemme. Det er god grunn å sjå fram til Oldendagane, då Mona Jill band skal holde konsert i Olden gamle kyrkje.

Soknerådsleiar Gro Birgit Øyaland Egset takka til slutt alle deltagarane for framifrå innsats. Det vanka ikkje blomster i dag, men det var ikkje verst med twistpakke til dei alle. Galya fekk ein pakke ekstra for sitt gode initiativ.

I ei ustabil verd, med tøffe inntrykk over dei menneskelege lidingar, gjer musikken kanskje ekstra godt. Eit godt sosialt lag på alle måtar i Olden nye kyrkje.



Tekst og foto: Arild Hafsås

Lekmannsgudsteneste 17.mai

Kvar 17 Mai er det gudsteneste i Olden gamle kyrkje. Den stod ferdig i 1759 og har soleis husa mange av våre forfedre. Derfor er det ekstra høgtidleg å markere 17 Mai akkurat i denne kyrkja. Iallfall når været er fint og sola steiker ute.

Kyrkja har ikkje elektrisitet, og det har nok hendt at moderne oldalar har gnissa tenner og jamra si nød på hustre dagar. Men vi står den over nett slik som våre forfedre pent måtte gjere.

I år var det lekgudsteneste, men det var ein gild gjeng som førte an, og fekk oss alle trygt i hamn. John Selmer Skiftesvik ringde med kyrkjemotet. Jon Olav Kvamme og Gro Birgit Egset var liturgar, og Kari Synnøve Muri stod for andakta. Ved kyrkjedøra vart folk ønska velkomne av Sigrid Egde-tveit Skarstein, vår kyrkjevert for dagen. Musikken var i regi Erling Briksdal og Olden Singers var igjen på plass og fylde kyrkja med all sin velklang.

Det var godt oppmøte på årets 17 Mai i Olden gamle kyrkje.





Bilde og tekst: Beate Ø. Glomnes

I staden for «Syng med oss» 29.04. ønskete soknerådet at Anders Viktor Kvile skulle framføre konserten som han hadde hatt i Nedstryn kyrkje for eit år sidan. Og Anders var ikkje tung å be.

Han samla nokre gode musikarar og 10 gode songarar, og dermed vart det konsert i Oppstryn kyrkje – «Lat oss prisa Herren». Her er songane henta frå eit Ten-Oase-album som Anders likte så godt og som han tenkte at det måtte gå an å få til i Stryn.

Musikarane som var med denne kvelden var: Anders Viktor Kvile – piano, Lars Helge Hopland – keyboard, Vegard Gunnarskog – gitar, Jan Nygård – bass og Guttorm Sæbø—slagverk.

Lat oss prisa Herren

Koret var samansett av: Johan Olav Nyberg, Kaare Michael Christoffersen, Bernt Ragnvald Veddegjerde, Trude M. Handegaard, Vigdis Susann Fossheim, Alis Midlang Hunnes, Kristin Aaning, Solrun Åbrekk, Emma Nygaard Sætren og Jorunn Tisthamar.

Solistar var Johan Olav Nyberg, Bernt Ragnvald Veddegjerde og Emma Nygaard Sætren.

Lydmann: Jens Rauschenbach

Dette var musikk det svinga av, og veldig dyktige folk som var med. Kjekt å få vere publikum i kyrkja denne kvelden. Men vi må seie oss litt skuffa over at ikkje fleire møtte opp på ein slik konsert.

Ei flott oppleving, og det såg ut som utøvarane kosa seg like mykje som publikum.

Konfirmantjubileum i Hornindal kyrkje



Søndag 05. mai var 10 av 16 konfirmanter samla til 50 års konfirmantjubileum i Hornindal kyrkje. Det var akkurat på dagen, og med same gode været som i 1974.

Prest i konfirmasjonen var Lars Johan Moldstad, og i denne dagen Rolf Schanke Eikum

Etter gudstenesta la vi på blomster på gravene til dei som er døde før, og så tok vi tok turen til O.P. Lødøens Eftf for mimring, kaffi og is.

Framme f.v.: Marit Løvlid Åsarmoen,
Anne Lødemel Honningsvåg,
Inger Johanne Taraldset Slettebakk,
Oddrun Lillestøl

2. rekke f.v.: Mariann Eva Espe, Oddhild Haugen Øye, Anne Karin Lungård Hove

3. rekke f.v.: Kristen Olav Seljeset,
Stig Jarle Seljeset, Nils Olav Myrvang

Foto: Elsa Aslaug Ommedal
Tekst: Anne R. L. Honningsvåg

Min salme

- Anna Marie Skogli Vatnamo



Ein av dei finaste salmane eg veit er «Hjemme i himlen», skriven av Leonard Gudmundsen i 1986. Leonard Gudmundsen var tekstforfattar og komponist og han reiste over heile landet som forkynnar i 40 år. Han skreiv den første songen sin berre 10 år gammal, og skreiv til saman 1600 tekstar og melodiar til om lag halvparten av songane. Han har også gitt ut bøker.

På 70-talet var han fleire gonger talar på bibelcamping i Loen. Det var der eg møtte han første gongen, då eg var med i team på bibelcampingen. Sonen Helge Gudmundsen, og svigersonen Oddvar Hansen var også med i Loen og dei tre karane song og spela i lag.

Leonard strevde med helsa nesten heile livet, og mange av songane hans ber preg av at dei er skrivne av ein prøvd mann. Han døde i 1990, berre 65 år gammal.

I 1995 var songen «Hjemme i himlen» den mest spelte i ønskekonserten.

Denne songen er fylt av himmelhåp. Det er eit sterkt vitnemål om kristentrua sitt håp når denne blir framført i gravferder.

Ruth Torheim blir utfordra til å skrive «Min salme» i neste nr.

Hjemme i himlen

*Hjemme i himlen skal ingen mer gråte,
Herren skal selv tørke tårene av.
Hjemme i himlen skal ingen mer sørge.
Ingen skal dø eller legges i grav.*


Refreng:

*Tenk for en jubel, ja, tenk for en jubel!
Når alle frelse er berget i havn.
Tenk for en jubel, ja tenk for en jubel!
Lovsangens kilde er Frelserens navn.*


*Hjemme i himlen er smertene borte.
Ingen skal lide og pines som her.
Hjemme i himlen skal ingen mer klage.
Fullkommen glede skal fylle oss der.*

*Hjemme i himlen skal lovsgangen tone,
mekting som havet når bølgene slår.
Hjemme i himlen blir alle ting nye.
Rene som Jesus om tronen vi står.*

*Lammet er verdig, ja, Lammet er verdig.
Han som ble slaktet og kjøpte oss fri!
Ære og takk skal vi gi til vår Frelser.
Målet er vunnet, og der skal vi bli.*



Oddny under open himmel



Livet skal levast

Så kom ein ny vår. På nytt steig sevja opp i trea og knoppane vaks, og lauv og blomstrar sprengde seg ut. Frø spirte. Det er like vakkert kvar vår.

Elias Blix uttrykte det slik:

*«Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og etter som eit under
nytt liv av dauden gror.»*

Kva er livet?

Mange har prøvt å svare på dette spørsmålet. Mitt korte svar er: Det er ei gave frå Gud, og det er også ei oppgåve. Gud, skaparen vår, har skapt livet. Meininga med livet er å leve det og bruke det.

Eg ser for meg foreldre som får eit nyfødt barn lagt i hendene sine. Greier dei å forklare livet? Eit menneskebarn med gråt, kjensler og rørsler, eig dei. Eg håpar dei kjenner glede og takksemnd. Det vert arbeid og stell. Kanskje kjenner dei også ein beven. Korleis skal det gå med barnet?

«Barn er den beste ideen Vårherre hadde», skrev Astrid Lindgren.

I barneåra er der ein rask vokster og utvikling. Desse går så alt for fort. Snart er barnet ungdom. Opplæring heime, i barnehage, skule, trusopplæring og i lagsarbeid er med å forme barnet. Etter kvart må barnet få oppgåver og ansvar.

Barn og ungdomar treng forbilde, støtte og hjelp og klare grenser for godt og vondt. Vi har framleis dei ti boda som er gode levereglar.

Ungdomstida er våren i menneskelivet. Då er kjenslene på sitt sterkaste. Då skal framtida stakast ut, og mange val må takast.

Jan Magnus Bruheim skrev det slik: *«Høyr ropet utanfrå. Dette er vegen du skal gå! Røyster frå alle leider: Følg meg!»*

av Oddny Torheim

Han har også ei tilråding: *«Høyr røystene innanfrå! Kvar for seg lyt alle leite opp vegen dei må gå.»*

Siste vinter las eg ei dagbok skriven av ein kristen ungdom. Eg tek med nokre setningar frå den. Etter ein kveldstur skreiv han: «Det er herleg å vere menneske!» Seinare skreiv han: «Eg er glad kvar dag som er faren, men det er vemodig for eg er endå ein dag eldre enn eg var i år. Nei, eg vil leve evig ung!»

Han sette opp eit program for livet sitt.

«Tre ting eg bør beherske: Mitt sinn, mi tunge og min oppførsel.

Tre ting eg bør hate: Grusomheit, misunning og utakksemnd.

Tre ting eg bør øve meg i: Mot, flid og kjærleik.

Tre ting eg bør unngå: Lediggang, därlege kameratar og sladder.

Tre ting eg bør tenkje på: Livet, døden og æva.»

Det er godt å setja seg mål, og det er godt å øve seg, men gløym ikkje at der må vere samklang mellom liv og lære. Seier vi ja til livet, må vi samstundes seie nei til det som øydelegg livet. Dei unge og vi alle treng ei rustning for å unngå det vonde. Les gjerne sjette kapittelet i brevet til efesarane!

Ungdomar spør: Kva er meiningsa med livet mitt? Dei er på leit etter ein stø kurs. Før i tida var foreldra dei gode vegvisarane. No er det så mange som vil gje råd, ikkje minst gjennom media.

Viser vi dei unge kva Bibelen seier?

I Salme 32 v.8 står der: *«Eg vil lære deg og vise deg den vegen du skal gå. Eg vil la mitt auga kvile på deg og gje deg råd»*

Jesus sa: *«Eg er komen for at de skal ha liv og overflod.» Joh.10 v.10*

Han innbyd alle: Kom til meg!

(Del 2 i neste nr.)

 STRYN ENØK AS

TOSHIBA
VARMEPUMPER

Solskjerming

Zip-screen - markiser - persiener

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704

www.senok.no

EF 842/2006
Isovator
F-GASS SERTIFISERT FORHANDLER

Årsmøte i Kyrkjeklokka Bladlag

I organisasjonslivet bør ein som regel ha årsmøte. Dei kan ofte verke langtekkelege og kjedelege. Men då Kyrkjeklokka Bladlag hadde årsmøte i Nordsida kyrkje 7. mai, vart det bokstaveleg tala "andre bollar".

Etter eit godt og konstruktivt møte, serverte leiar Per-Erik Ulvedal sjølvlaga gjærbakst, der ein kunne forsyne seg med pålegg etter behov. Maten var med andre ord kortreist, jordnær og svært god.

Det er viktig for Kyrkjeklokka at sokneråda stiller med representantar til møta. Vi i styret kjenner på ein måte at no er sokneråda aktivt med. Det gjev oss inspirasjon til å halde fram. Før om åra var det svært få som møtte på årsmøta. No er vi eit "team" som arbeider godt i lag.

For styret: Geir-Ståle Vatnamo



INNVIK FJORDHOTEL
Misjonsheimen

Catering: koltdbord, snittar, kaker m.m.
Fødselsdagar, selskap, møte og kurs.
Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS
6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90
e-post: post@innvikfjordhotell.no
www.innvikfjordhotell.no

NMS Gjenbruk,
eit skattkammer for deg
som elskar gjenbruk
– og kloden vår!

www.nmsgjenbruk.no



Eidsgata 5,
6770 Nordfjordeid
Telefon 404 45 420
Må-lau: 11-15.
To: 11-16.30

Til hjelp i sorga
siden 1978



Vi er her når de treng oss som mest,
og hjelper dykk å lage ei personleg,
fin og verdig gravferd. Slik de ønskjer.
De kan kontakte oss heile døgnet.
Vi har teieplikt og kan møtast til
samttale på eitt av våre kontor,
eller heime hos dykk.

905 50 905 (døgnopen vakttelefon)
post@hjelmeland.as
www.hjelmeland.as

Tonningsgata 42, 6783 Stryn

Vi er i Nordfjord – for Nordfjord

**Hjelmeland**
BEGRAVELSESBYRÅ



Born og unge samlast framleis på Nesholmen. Det gjer mange vaksne òg. Slik har det vore sidan leirstaden i Hyen var ny i 1950. Nye menneske kom og opplevde glade tider. Mange var med og reiste nye bygningar, - og fylte dei med veksande liv. Det store anlegget vitnar om det. Stor aktivitet gjennom mange år skaper slitasje av ulikt slag. Det er lett å legge merke til. Omfattande vedlikehald må til! Samstundes må mykje endrast for at Nesholmen skal høve endå betre som møteplass for mange. Dagleg leiar og vi som no er i styret, gleder oss over den vide krinsen av folk som har omtanke for Nesholmen og støttar med pengar, dugnad, forbøn og på andre måtar.

Takk for takkoffer!

Ei særleg takk sender vi til kyrkjelydane som gjev takkoffer til leirstaden! Nesholmen vil framleis fyrst og

Saman om Nesholmen

fremst vere ein møteplass for born og unge, der dei opplever det gode og glade fellesskapet med Gud og kvarandre. Såleis er målet det same som kvar kyrkjelyd har for dei som veks opp i denne tida. Samling på leir høver godt inn i trusopplæringa som blir lagt til rette i alle sokn. Her kan vi gjerne få til endå nærmare samarbeid. Vi takkar for gåver og annan stønad.

Lat borna oppleve leirlivet!

Det er Sogn og Fjordane krins av KFUK-KFUM som eig Nesholmen. Mykje godt arbeid er i gang i krinsen, som barnegospel, ungdomsklubbar og andre tiltak. Samarbeidet med kyrkja gjeld særleg konfirmantleirane.

Vedlikehald og utbetring

Nyleg er mykje gjort med det elektriske anlegget og med meir effektiv oppvarming av bygningane. Utbetring av internett og brannsikring er godt i gang. Oppussing av bad/toalett i Nystova og litt endring av bygningane på Holmen kan gjere husa meir eigna til utelege og forlenga sesong.

Anne Berit Selle, dagleg leiar,
Terje Sand, styreleiar,

Fjordferd
BEGRAVELSESBYRÅ
STRYN • VOLDA • STAD

Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-tilføyinger

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



Vi les Bibelen saman!

Ved Beate Nes

Bibelen er ein skatt!

Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen presenterer Kyrkje klokka nokre av dei kjende bibelhistoriene. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Jesus og Tomas

Gjenfortellinga av Johannes 20

Tomas hadde vore så fortvila. Dei andre hadde fortalt at dei hadde møtt Jesus etter at han døde og sto opp igjen. Man han var ikkje der då dei andre møtte han...!! Han hadde berre høyrt dei andre fortelje at Jesus kom og var saman med dei.

Dei hadde alle sett den tomme grava hans. Han var ikkje der!

Maria Magdalena hadde møtt han der i gravhagen. Den same kvelden hadde alle dei andre læresveinane sett han (dei sa i alle fall det).

Men Tomas, han var ikkje der!

Plutseleg hadde Jesus stått midt imellom dei og sagt: «*Fred vere med dykk!*» og så hadde han vist dei såra i hendene sine og sida si. Kunne det verkeleg vere sant? Thomas hadde ikkje kunne tru det. «*Det trur eg ikkje før eg får sjå naglemerket i hendene hans og leggja fingeren i det og stikka handa i sida hans*», hadde han sagt til dei andre. No var det gått åtte dagar og læresveinane var igjen samla.

Då kom Jesus!

Sjølv om dørene var stengde, stod han plutseleg midt imellom dei og sa: «*Fred vere med dykk.*» Og så såg han rett på Tomas og sa: «*Kom med fingeren din, sjå her er hendene mine. Kom med handa di og stikk henne i sida mi. Og ver ikkje vantru, men truande!*»

Utan å tenke hadde Tomas sagt «*Min Herre og min Gud!*». Han var ikkje lenger i tvil. No hadde han og sett Jesus, og han viste at han var den han hadde sagt han var!


Jesus seier til han: «***Fordi du har sett meg, trur du. Sæle dei som ikkje ser, og endå trur.***»

Til samtale- undring

* Akkurat no, mens eg sitt å jobbar med denne teksten undrar eg på kor Tomas var, då dei andre læresveinane møtte Jesus den kvelden? Eg veit ikkje. Det står ikkje noko om det.

Kor trur du han var? Var han berre ute for å kjøpe mat, var han så redd at han hadde gøynt seg, eller var det noko viktig han måtte ordne denne kvelden?

* Tomas trengde å sjå Jesus for å klare å tru at Jesus verkeleg var levande igjen. Han fekk stikke fingeren i såra til Jesus. Vi kan ikkje ta på Jesus sånn som Tomas fekk. Korleis kan vi tru på Jesus utan å sjå han? Kor/korleis kan vi møte Jesus i dag?






Barnas



Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Vitsar

Eit eple spurde
ein appelsin:
– Kvifor er det
så mørkt her?
– Fordi pæra har
gått.

Har du høyrt
om høna som
hadde fått feber?
Ho la berre
kokte egg.

Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie.

Dei to biletene er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Dessे oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00




Finn 10 språk

I rutenettet gøymer det seg namnet på
10 forskjellige språk. Leit bortover og
nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B




Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene (pr 06.06.)

Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Nedstryn - Loen - Oppstryn

Loen	Hornindal	Nedstryn
Vigde: 25.05. Christine Hagen og Rune Solheim 01.06. Maiken Caroline Kongsro Øystad og Markus Mowé Martinsen Døde: 12.03. Arve Sanden f. 1958 18.05. Jakob Inge Loen f. 1949 28.05. Birger Hogrenning f. 1946 31.05. Einar Terje Rake f. 1961	Døpte: 07.01. Alva Tiēn Haugen For. Astrid Ingeborg Helgesen Haugen og Andy Nguyen 31.03. Sigurd Andre Tvinnereim Krøken For. Linda Mari Lillestøl Tvinnereim 31.03. Emma Kanutte Høydal Skavøy For. Astrid Eline Andersdotter Skavøy Høydal og Sigurd Høydal Skavøy 21.04. Winnie Muldsvor Seljeset For. Cathrin Muldsvor og Øyvind Seljeset 05.05. Lone Fagerheim For. Anette Therese Haugen og Øystein Fagerheim Døde: 12.03. Aasta Bergit Seljeset f. 1932 14.03. Rune Visnes f. 1955 03.04. Reidar Lungård f. 1929 10.05. Rolf Magne «Sulis» Grodås f. 1942 27.05. Helga Brita Rafrevold f. 1938 31.05. Gunvor Johanna Storevik f. 1931	Døpte: 07.04. William Johan Midtkandal For. Madeleine Fredheim og Kjell-Martin Midtkandal 12.04. Dennis Svarstad Mykland For. Henriette Amalie Svarstad og Dag Børge Mykland 28.04. Håkon Berge Karlsvik For. Henriette Løveng Berge og Glenn Karlsvik 19.05. Theo Andersen With For. Hannah Halvorsen With og Kristian Andersen Vigde: 23.03. Rowena Ceballos Myklebust og Gunnar Jan Myklebust 10.05. Anette Flo og Jon Gunnar Brekke Døde: 20.02. Anne Katrine Lødøen Wingo f. 1964 12.04. Dennis Svarstad Mykland f. 2024 18.04. Rune Jonny Fagerland f. 1959 01.05. Martin Jon Åmås f. 1947 23.05. Anders Lunde f. 1929
Olden Døpte: 04.04. Athit Mekpakham Vigde: 25.05. Mari Hage og Anders Tønnessen Rød Døde: 08.04. Kjell Emil Kristiansen f. 1952 03.05. Selma Kvame f. 1925 12.05. Hilda Jensine Briksdal f. 1938		
Oppstryn Døpte: 17.03. Johan Flo Skatvedt. For. Kristine Flo og Bjørnar Skatvedt 19.05. Ragne Marie Fridtun Kolstadbråten For. Marthe Fridtun Brendefur og Håvard Solheim Kolstadbråten 19.05. Jakob Henry Bolset For. Silje Skåre Vilhelmsen og Jon Bolset	Randabygd Døde: 12.05. Ola Skrede f. 1927	Nordsida Døpte: 14.04. Ada Midtsæter Myklebust For. Silje Midtsæter og Rune Myklebust Vigde: 01.03. Anette Hagen og Sigurd Andreas Aarøen
	Innvik Ingen registreringar	
	Utvik Ingen registreringar	



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar - nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avis "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på Facebook: **Kyrkja i Indre Nordfjord**

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

16. juni; 4. s. i treeiningstida

Matt 7, 21-29

- Loen, Holmetun 11:00

Friluftsgudsteneste med toåringane

- Randabygd, Kvalen 14:00

Friluftsgudsteneste

- Nedstry 19:00 Salmekveld

23. juni; 5. s. i treeiningstida

Matt 11, 7-14

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste

- Nordsida 11:00 Gudsteneste

- Olden, Sundshaugen 14:00

Friluftsgudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste

30. juni; Aposteldagen

Matt 16, 13-20

- Nedstry 11:00 Gudsteneste

- Oppstryn 13:00 Dåpsgudsteneste

07. juli; 7. s. i treeiningstida

Luk 19, 1-10

- Selja, Selje 12:00 Seljumannamesse

14. juli; 8. s. i treeiningstida

Mark 12, 37b-44

- Nedstry, Per Bolstads plass 11:00

Friluftsgudsteneste

- Nordsida, Raudfjell 11:00

Støyldmesse

21. juli; 9. s. i treeiningstida

Joh 8, 2-11

- Loen 11:00 Gudsteneste

- Utvik 11:00 Gudsteneste

28. juli; 10. s. i treeiningstida

Matt 18, 21-35

- Innvik 11:00

Jubileumsgudsteneste

Innvik kyrkje 200 år

- Utvik 15:00 Konsert med Anders Viktor Kvile og Ketil Rasmussen i høve Sommardagane

29. juli; Olsok

Luk 9, 23-26

- Olden gamle kyrkje 18:00

Olsokgudsteneste

- Oppstryn 20:00 Olsokgudsteneste. Olsokfeiring i kyrkja. Ute om veiret tillet det

04. aug; 11. s. i treeiningstida

Mark 2, 23-28

- Nedstry 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 12:00 Gudsteneste

- Brekkane, Utvikfjellet 15:00

Friluftsgudsteneste

11. aug; 12. s. i treeiningstida

Luk 8, 1-3

- Loen 11:00 Gudsteneste

18. aug; 13. s. i treeiningstida

Luk 12, 41-48

- Nordsida 11:00

Fyrsteklassesgudsteneste

- Utvik 11:00

Fyrsteklassesgudsteneste

- Hornindal 11:00

Gudsteneste for små og store

- Nedstry 16:00

Fyrsteklassesgudsteneste

- Olden 19:30 Kveldsgudsteneste

25. aug; Vingardssøndag

Luk 17, 7-10

- Bombeneset, Oppstryn 11:00

Friluftsgudsteneste med

konfirmant-presentasjon

- Innvik 11:00 Gudsteneste

01. sept; 15. s. i treeiningstida

Luk 10, 38-42

- Nedstry 11:00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

- Randabygd 11:00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

07. sept; laurdag

- Hornindal 11:00 Konfirmasjons-gudsteneste

08. sept; 16. s. i treeiningstida

Matt 5, 10-12

- Nordsida 11:00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

- Loen, Solheim i Bødalen 13:00

Friluftsgudsteneste med konfirmant-presentasjon

- Innvik kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

- Nedstry 19:00 Salmekveld

15. sept; 17. s. i treeiningstida

Luk 7, 11-17

- Oppstryn 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

- Utvik 11:00 Gudsteneste

med konfirmantpresentasjon

29. Sept; Mikkelsmesse

Luk 10, 1-2. 16-20

- Nedstry 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok





Distribusjon som **Post med like format** til abb. utanfor Stryn og Hornindal.
Returadr.: Kyrkjekontoret, Rognehaugen 11, 6783 Stryn

«FØRSTEKLASSES» gudsteneste og feiring av 1.-klassingar

I Kyrkja her i indre Nordfjord likar vi å gjere stas på 1.klassingar! Det er spennande å skulle starte på skulen, og vi har lyst feire denne store overgangen med dokke! Det blir blant anna utdeling av 6-års bok. Vi ynskjer alle familien velkomne til kyrkje denne dagen. Ta med deg bestemor og bestefar også! Invitasjonen gjeld born i heile kommunen!

18. AUGUST ER DAGEN:

UTVIK KYRKJE KL.11.00, NORDSIDA KYRKJE KL 11.00, NEDSTRYN KYRKJE KL 16.00



Ikkje medlem?

Av ulike grunnar er det ikkje alle born som er døypte inn i Den norske kyrkja.

Når vi i trusopplæringa sender ut invitasjonar til ulike arrangement, slik som f.eks. **krøllesamling** for 2-åringar, **tårnagentsamling** for 5.-klassingar eller «**førsteeklasses**» for 1.-klassingar, er det slik at dei borna det gjeld, som er døypte i den norske kyrkje, får invitasjon sidan desse då ligg inne i vårt system.

Vi prøver så godt vi kan å inkludere dei borna vi ikkje har tilgang til i vårt register, men det er ikkje alltid at vi får dette til. Alle er likevel ønska og velkomne om ein har lyst å være med på det som skjer i kyrkja!

Er det noko eg som forelder kan gjere for at borna mine kan få med seg det som skjer i trusopplæringa her i indre Nordfjord? **Ja, absolutt!**

På **kirken.no** kan du som forelder logge deg inn på **min side** og be om trusopplæringstilbod for born som ikkje er medlem i Den norske kyrkja. Ved å gjere dette, får vi borna inn i vårt system, men ikkje som medlemmer. Dette skal alle kunne gjøre utan å være medlem sjølv. Om du ikkje fin fram eller lurer på noko, kan du gjerne ta kontakt med oss i trusopplæringa på kyrkjekontoret i Stryn.

Andreas Kråkenes (kyrkjelydspedagog) - Beate Nes (kateket) - Guro Petronella Enerhaug (kyrkjelydsarbeidar)
Telefon: 57 87 61 80.

Bladet er omdelt i postkassene i
Stryn og Hornindal på dugnad.
Neste nummer får du i postkassa 27.- 30. sept.

Redaktør vert: Jarle Hessevik
Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til:
post.kyrkjeklokka@gmail.com innan 01.09.